

# VEDTEKTER

for

## OPPLAND RADIOBJØLLELAG

Oppretta 19.02.2012

### § 1 Namn og registrering

Laget sitt namn er Oppland Radiobjøllelag og vert seinare i desse vedtektene kalla for laget. Laget er underlagt Oppland Sau og Geit (OSG) både drifts- og rekneskapsmessig.

### § 2 Ansvarsområde og adresse

Styret i OSG er ansvarleg for laget og eigedelane til laget. Forretningsadressa til laget følgjer forretningsadressa til OSG.

### § 3 Formål

Laget sitt formål er å opplysa småfehaldarar i Oppland om aktuelt elektronisk overvakingsutstyr for beitedyr. Laget skal arbeida med å få inn midlar til kjøp av utstyr, sørge for å kjøpa inn utstyr og leiga det ut til medlemmane.

### § 4 Medlemmar

Alle medlemmane i eit lokallag av OSG er automatisk medlem i laget.

### § 5 Styret

Laget skal leiast av styret i OSG. Driftsleiar i laget vert utnemnt av styret og er underlagt styret. Pliktane og rettane til driftsleiaren vert regulert gjennom eige instruks.

### § 6 Årsmøte

Årsmøte i laget skal haldast som eige sak under årsmøte i OSG. Årsmeldinga til OSG skal innehalda eige årsmelding og avdelingsrekneskap for laget. Årsmøte skal vedta retningsliner for: a) Tildeling av utstyr, b) Utleige av utstyr, c) Bruk av utstyr, d) Rapportering og e) Fastsetja diverse brukaravgifter for komande år.

## **§ 7 Økonomi og Rekneskap**

Styret i OSG er ansvarleg for økonomien og rekneskapen i laget. Laget skal drifta seg sjølv med egne midlar og skal ikkje ta opp lån som forpliktar OSG. I rekneskapet til OSG skal laget ha eige avdelingsrekneskap.

## **§ 8 Vedtektsendring**

Vedtak om endring skal gjerast på årsmøte etter at styret har sendt ut forslaget sitt til endring saman med innkallinga. Vedtak om endring skal gjerast med minst 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

## **§ 9 Utmelding av laget**

Dersom ein medlem meldar seg ut av OSG, eller ikkje betalar fastsette brukaravgifter for leigd utstyr, skal han straks levera lånt utstyr tilbake til laget.

## **§ 10 Sanksjonar**

Eit medlem som ikkje rettar seg etter dei til kvar tid gjeldane reglar og retningsliner skal erstatta tapt utstyr og/eller utgifter til reparasjon, og kan ved gjenteke misleghald verta frådømt retten til å leiga utstyr frå laget.

## **§ 11 Oppløysing av laget**

Oppløysing av laget kan gjerast på årsmøtet som under §8. Oppsparte midlar i laget skal overførast til OSG og øyremerkas til gode tiltak for småfe på utmarksbeite.